

Jolekveld

I kveld vil vi syngja jolekvad
kring treet vårt, kring treet vårt
til æra for barnet- eg er så gla
Når gløymt er alt av vondt og sårt.

Om verdi er svart som sjeldan før
Vi jol skal få vi jol skal få
Om menneski gløymer at dei er brør
Vår frelsar let oss lyset sjå.

Kom ver med i kor å takka han
- I denne kveld, i denne kveld -
Som oss syndarar ikkje hata kan
Men viljug vart for syndi seld.

Malmfrid Lunde

God jul!



Frå redaksjonen

Det stundar til jul, kanskje den mest spesielle jula sidan krigen. Vi nærmar oss også slutten på eit år som har vore svært spesielt.

Det som gjer alt så spesielt i år, er sjølvsgagt viruset som har prega land og folk sidan midten av mars. Vi har opplevd restriksjonar og påbod som vanlegvis høyrer heime i krigstid. Og på sett og vis har vi vore i krig med den usynlege fienden, Covid-19, eller korona som er den daglege nemninga.

Vi er blitt vane med hyppige pressekonferansar der regjering og helsestyresmakter orienterer om smittesituasjonen. Vi er blitt kjende med ein hyggeleg, men bestemt mann med namn Espen Rostrup Nakstad, og vi har lært om R-faktoren.

Dei tradisjonelle julekonsertane med fulle kyrkjer, vart det ikkje noko av i år. Men det er gledeleg å sjå at kyrkja på Vassenden har vore arena for konsertar med Stardalen Mannskor og Førde kammerkor, men med strenge restriksjonar på kor mange som kunne vere til stades. Også dei to andre kyrkjene har hatt sine julekonsertar; Olav Stedje med vener i Helgheimskyrkja og Hege Alme og Helene Myklemyr i Ålhus kyrkja. Også der med nasjonale reglar for tal på tilhøyrarar.

Vi vil i år få ei jul med restriksjonar på sosial kontakt. I tillegg til mørketid, vil vi også ha ein pandemi hengande over oss, ein pandemi som skapar frykt og uvisse. Men det er lys i enden av tunnelen i form av vaksiner som vil stoppe og slå ut den usynlege, men farlege fienden. Det gjeld berre å halde ut nokre månader til, så vil det truleg ordne seg. Men det vil gå lang tid før alt er tilbake til normalen, og enkelte ting vil nok aldri bli som før.

Men pandemi, eller ikkje; jula kjem i år også og den over 2000 år gamle julebodskapen vil også denne jula bli forkynt over heile verda. Dei gamle og kjære juleson-



gane vil også i år tone ut over by og land. Kyrkjeklokkene vil kime som alltid, men folk vil ikkje strøyme til kyrkje som dei plar. Det er nemleg slik i år at det er påmelding for å delta på gudsteneste julaftan. Det blir to gudstenester både på Vassenden og i Helgheimskyrkja denne dagen. Påmelding til gudsteneste har aldri før skjedd, og det understrekar alvorlet i situasjonen.

Det er i år 75 år sidan frigjeringsdagen i 1945. Som ei markering av det har vi teke med litt av det som Hyrdingrøysta hadde i julenummeret i 1945. Bladet kom ut for første gong etter krigen i juni 1945 og alle blada det året var prega av freden og det som hadde skjedd under krigen. Vi skal sjå litt på korleis kyrkja hadde det under krigen og vi skal høyre litt om kva enkelte jølstringar som dreiv med motstandsarbeid, opplevde under krigen.

! Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 479 79 115

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass.kyrkjeverje

Trond Herløsund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

«Der det er hjarterom, der er det husrom!»

I dei dagane let statsminister Erna Solberg lysa ut at det skulle takast manntal over alle dei som kjem til kyrkje for å feire jul. Dette var første gongen dei tok manntal i kyrkja og det hende det året vi vart ein del av Vestland fylke. Dette året vart det ikkje til at kvar og ein for heim til si eiga bygd og grend grunna viruset dei kalla Covid-19.

Tekst: KNUT MAGNE NESSE

Men Solveig og Kjell, dei for heim til bygda. Solveig venta då barn. Då julekvelden kom, ville dei til kyrkje. Dei gjekk opp bakkane til kyrkja, klokkene kima og stjernene glitra på himmelen. Ute var det hustrig og kaldt. Då dei endeleg kom fram til kyrkja, stod kyrkjetenaren og soknerådsleiaren i døra og ynskte dei God jul. Så såg dei på kvarandre, slo ut med armene og sa til dei:

– Her er ikkje rom for dykk nokon stad, vi kan berre ta inn 73 menneske i denne kyrkja grunna smittevernsrestriksjonane som gjeld, så de må vere så greie å komme att ein annan gong!

Kjensla av å høyre til i eit fellesskap er viktig ved jul. Det kjem til uttrykk i dei mange tra-

disjonane vi har: Vi pyntar juletre, vi lagar til den same maten og syng dei same songane. Familiane samlast, vi ringer, tekstar og sender julehelsingar til vener og kjende. Somme tek den årlege turen ned til naboen i svingen med nokre nybaka julekaker og ei julestjerne. Dei utflytta ungdomane er heime og møtast til lått og løye. Mange tar eit bilete som dei postar på sosiale medium med ro, fred, fellesskap og glede. Dette året vert mange ting annleis, men vi skal framleis feire jul. Vi treng å kome saman, feire jul, synge julesongar, kjenne på fellesskapet i kyrkje, bygd og familie. Ta turen til kyrkje i år! Somme stader lyt du melde deg på men det klarar du fint!

- Kan hende kan du i år fare til kyrkje på juledag i staden.
- Kan hende lyt du velje ei gudsteneste i staden for ein konsert.
- Kan hende lyt du i år lese juleevangeliet heime fordi du ikkje vågar deg til kyrkje på julekvelden.

Biletet av Josef og Maria på leit etter ein kvilestad i Betlehem er vel kjend. Vi les at Maria måtte legge det nyfødde barnet

i ei krybbe, fordi det ikkje var husrom for dei. Englebodet om barnet som var fødd, gjekk til gjetarane, dei som låg ute om natta langt frå bygda og heimen. Til dei kom bodet om ei stor glede: «I dag er det fødd ein frelsar i Davids by, han er Messias Herren!» Meir enn nokon gong vert det i år viktig å tenkje på dei det ikkje er husrom for. Vi har eit ordtak som heiter: «Der det er hjarterom, der er det husrom!» Det vert som oftast brukt under hendingar der ein stuar saman meir folk enn det eigentleg er plass til. I år kan vi ikkje syne hjarterom på den måten, men vi må ta vare på kvarandre.

Idet Solveig og Kjell fekk høyre at det var fullt og at dei måtte komme att ein annan gong, så kom kyrkjenaboen ungkars-Ola opp på kyrkjetrappa i finskjorta. Han rista på hovudet og så sa han: De kan komme inn til meg om de vil. Ikkje har eg juletre og stova mi er ikkje så fin, men der er godt og varmt. Kaffi kan eg koke og smultringar har eg kjøpt. Kan hende tok han fram munnspelet og spelte nokre strofer frå «Det lyser i stille grender» før kaffien var oppdruken, og gudstenesta i kyrkja var slutt.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem før jul.



GJESTESKRIBENTEN:

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta

vil vi oppfordre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde

seg, vil vi også utfordreh nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det DAGRUN THINGNES som skriv om det å vente.

«Gje meg ein heim i di kyrkje på jorda!»

(Frå den gamle kyrkjebøna)

I Jølster er tre kyrkjer. Vi har god plass. Julafta er det fleire gudstenester. Vi må melde oss på. Kyrkja er flink til å fylgje folkehelseråda.

Tekst og foto: DAGRUN THINGNES

Det er ei annleis tid tid, når vi må melde oss på, for å vere sikra plass i kyrkje. Slik må det vere i år. Eg er litt uroleg for at det vert mindre vanleg å gå i kyrkja. Må du og eg finne ein grunn til å møte opp?

Må vi inviterast?

Plass i kyrkja har ikkje vore eit knapt gode. "Ein heim er ein stad eg kan komme, utan eigenleg å ha fortent det." Kyrkja er ein heim. Kyrkje er ein stad eg høyrer til, fordi eg bur i Jølster. Kyrkje er di og mi.

Koronaen gjer at vi samlast mindre og med færre enn elles. Gudstenestene vert ikkje flytta til Førdehuset, for å kunne vere 200 samla. Kyrkja er her, midt iblant oss. Der møter vi Gud og menneske.

Venting

Vi ventar i uvisse; kor lenge varer epidemien? Vi veit at jula kjem. Vi førebur oss, slik vi gjer kvart år. I år. er lysa fleire og tidlegare. Ventar gjer vi, men vi veit ikkje kven og kor mange vi kan møte. Kjende vanar er vekke, vi har ikkje julefestar og store familiebesøk.

Sjølv om det ofte er god plass og høgt under taket i kyrkja, er

grensa på 50 enno sett. Kyrkja er der, vi kveikjer lys på gravene, lucia og lysmessa er i år ute. Ikkje alt vert avlyst. Stardalen Mannskor øver tilkonsertar. Det er sunt og oppkvikkande å møtast. Og å høyre Mannskoret.

«Kan det snu?» spør Bjørn Eidsvåg. Borna teiknar regnbogar og skriv: «Alt blir bra!»

Vi ventar på vaksinen. Vi veit ikkje kor tid vi kan ta til med å leve som før. Menneska treng å vente på noko godt.

Jula er at lyset vinn over mørket. Vi treng jula, med lys, god mat, førebuing og gode skikkar. På same tid må vi godta at det er som det er akkurat no.

Eg kjenner at eg vil ha det vanlege, eg saknar å vite kva som kjem. Det er sunt å setje ord på kjenslene og tankane. Då får du og eg det betre. Vi styrer tankane våre, meir enn vi trur. Og vi deler uro og håp.

Betring

Vi ser fram til ei betring. Vi treng å vente på noko godt. Vi treng advent og jul. Kvar av oss har bruk for å gje og ta imot omsorg og omtanke. Nokre kan vi vere i lag med. Andre kan vi nå på andre måtar. Julekorta får ein oppsving i år?



Gjesteskrivent Dagrun Thingnes.

Dette vi er oppe i no, vil endre seg. Vi kjenner kvar med oss at det er krevjande tider. Nokon har det tyngre enn andre, nokon må vere mest åleine. Kvar av oss må vise skjøn og omtanke.

Det kjem seg. Det går rette vegen. Det vert jul i år og.

«Gje meg ein heim i di kyrkje på jorda!»

Eg har henta ei helsing frå julekorta Johanna J. Fonn skreiv:

JULEGLEDA!

NYTTÅRSFRED!

Reidar Knapstad blir vikar for sokneprest i Jølster våren 2021

Sokneprest i Jølster, Silje Sørebo, skal ut i fødselspermisjon frå 28.01.21 til 1.01.22. Denne våren skal difor Reidar Knapstad, tidligare prost i Sunnfjord, fungere som sokneprest i Jølster. Geir Sørebo, tidligare prost i Nord-Hordaland og far til Silje, vil også ha gudstene-

ster i Jølster ca ein gong i månaden. Ungdomsprest i Førde, Carsten Langeland, vil halde fram med konfirmantane ut våren 2021. Korleis presteteneesta vil bli organisert i den siste delen av permisjonstida til Silje, hausten 2021, vil vi komme tilbake til.

Kva er forventning? Treng vi forventningar?

Vi som har fått nokre år på baken, vaks opp i ei tid då det ikkje var sjølvstøtt at vi kunne få alt der og då.

Tekst og foto: HILDEGUNN HUUS

Vi måtte spare om det var noko ein ynskte oss, vi måtte vente på høyrrespelet i laurdagsbar-netimen ei heil veke om det var aldri så spennande og vi måtte vente på det meste.

Forventningar og lukke

Eg er ingen lukke spesialist slik mange av dei som uttalar seg i media om kva som gjer ein frisk og lukkeleg, blir titulerte som, men eg har gjort meg nokre takar om det med forventningar og kvar det bety, og om det har noko med lukke å gjere. Dette er ei ytring om samanhengen mellom forventningar og lukke, ikkje noko fasit for det er det nok ikkje så mange, om nokon, som har.

I dag tek vi mykje på førehand, helst før det er vorte oppdaga eller skal visast, utførast eller før ein har råd til det. Det vil seie at vi går ikkje og ventar og gler oss til noko som det kan hende vi får oppleve, eller vil skje, eller vi veit skjer på eit seinare tidspunkt.

– Vi hadde forventningar

Vi går no mot jul og eg vel å bruke jula som grunnlag for denne ytringa. Den jula eg vaks opp med var så langt frå den som er i dag, som det om lag

er mogleg å komme. For det første vaks eg opp i ein stor syskenflokk på ein liten gard med heller trong økonomi. Vi hadde alt vi meinte vi trengde, men ikkje fjernsyn og bil, men vi hadde masse forventning og vi hadde aviser og radio. Eg meiner ikkje då at dei som hadde bil og fjernsyn ikkje hadde forventningar, det hadde dei nok.

Media den gong eg vaks opp var ikkje så opptatt av å spegle forretningslivet som dei er i dag. Alt som kjem ut i media i dag, er spegla av at det er eit forretningsliv som skal selje seg. Og at forretningslivet skal selje seg har eg ikkje vanskar med å forstå, men gjer dei det på rette måten. Kvifor skal dei stele forventningane i kampen, eg vil kalle det å bite seg sjølv i halen. Når alt er fylt opp må ein tømme ut for å kunne fylle på og då kjem perspektiv som miljø inn i biletet. Tap av forventningar blant oss gjev oss likevel moglegheit til å overleve. Men eit tapt miljø, eller ei tapt jord, og då meiner eg det fysiske miljøet, ikkje gjev oss høve til å overleve.

Vi treng forventningar

Når vi i dag uttalar oss om kva som gjer oss lukkelege, legg vi til grunn ein liten flik av dagleglivet i den lokale, nasjonale eller globale samanhengen. Og vi set ikkje fleire typar forskingar eller syn opp mot kvar andre. Dette meiner eg å kunne seie, for eg føl med på mange debattar både i radio og andre



Forventningar kan vere så mangt, mellom anna kan det handle om forventningar til ein fin vinter. Her er forfattaren og bunden ute på ein fin vinterdag.

media. Det er dei same folka om går igjen og det er dei same utspørjarane. Eg trur at forventningar, det å ha noko å sjå fram til, har mykje meir å seie for eit spennande og godt liv enn mange vil innrømme.

Det er godt vi har idretten, der får vi ikkje resultatet før sis-

te fotballkamp for sesongen er spelt og siste skirenn er avvikla. Og det er godt vi har kyrkja der vi får siste versjon av tolking av dagens tekst når vi møter opp. Det er forventningar, og dei treng vi.

Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874

Knut Osvoll tlf. 911 90 709

Turid Høyvik tlf. 472 48 832

Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552

Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812

Minne frå krigen 1940-1945

Andre verdskrig, eller «krigen» som den som regel blir kalla, er ei hending det ser ut til å vere vanskeleg å bli ferdig med. Det kjem stadig nye bøker, både om krigshandlingane våren 1940 og okkupasjonstida fram til mai 1945.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL

I år er det 80 år sidan denne krigen starta og 75 sidan han slutta. Framleis kranglar historikar og andre om kva som verkeleg skjedde, eller ikkje skjedde.

Historie i endring

Vi ser også stadig døme på at nye opplysningar dukkar opp frå diverse arkiv, opplysningar som kanskje kastar nytt lys over hendingane og som kanskje gir eit anna bilete enn det som vart gjort av historieskriving. Det er nemleg slik, enten vi likar det eller ikkje, sigerherrane som skriv historia etter ein krig. Slik var det også etter 2. verdskrig, og det som dei første åra etter krigen vart framstilt ganske svart/kvitt, har etter kvart fått andre nyansar. Handsaminga av dei norske jødane er eit slikt eksempel. Norske styresmakter sine disposisjonar, eller mangel på slike, i april dagane 1940, er eit anna.

Men politikken skal vi late ligge. Vi skal heller sjå litt på korleis krig og okkupasjon prega livet til jølstringane under krigen og vi skal sjå litt på korleis Hyrdingrøysta «dekkar» freden.

Eit roleg hjørne av verda

Jølster kom svært lett frå krigen, sjølv om også denne bygda måtte ta sine offer. I det store og det heile så kom Sogn og Fjordane relativt godt frå krigen. Her var ingen krigshandlingar utanom Måløyraidet i 1941, men relativt store, tyske styrkar var stasjonerte i fylket. Hovudkvarteret for dei tyske hæravdelingane, ein infanteridivisjon, vart etter kvart liggande i Førde med general Karl von Beeren som sjef. Tyskarane var stort sett her, som langs kysten elles, opptekne av å sikre kysten mot åtak frå dei allierte. Elles var dei opptekne med kraftutbygging, og utbygging av smelteindustri i Årdal, i tillegg til å bygge ut vegar og annan infrastruktur.



Ålhus kyrkje.

Den tyske generalen i Førde var elles til stades då Skei Hotel brann ned til grunnen i 1943. Hotellet var rekvirert av tyskarane og skulle brukast som rekonvalesentheim for tyske soldatar. Då tyskarane var etablerte på hotellet skulle det feirast med stor fest. Generalen skulle sjølv sagt vere med, men festen enda heilt annleis enn tenkt. Det starta å brenne på kjøkenet og snart var det full fyr i trebygningen frå 1889. Hotellet brann ned til grunnen og dette var nok det mest dramatiske som hende i Jølster gjenom krigsåra.

Mobilisering og krig

9. april vart det starta mobilisering og mange frå Jølster vart ordra til å møte til krigstene på Voss. På Voss fekk dei utlevert våpen og utstyr, og etter ei tid vart mange av jølstringane sende til Valdres for å kjempe mot den tyske framrykkinga nordover frå Oslo. Men overmakta var for stor og etter to veker med kampar var det kapitulasjon og eit kort krigsfangenskap på Hvalsmoen ved Hønefoss.

Desse vart mobiliserte frå Jølster:

I alt 83 ungdomar frå Jølster vart mobiliserte i april dagane 1940. Alle kom utruleg nok heim att i live.

Denne lista sto i

Hyrdingrøysta i august 1940

Frå Stardalen: Sverre Høyvik, Olav Vindheim, Einar Øygard, Dagfinn D. Åmot, Nikolai Fonn, Peder Bakke, Samuel K. Bakke, Hans Befring, Olav J. Befring, Peder E. Befring, Johannes J. Flatjord, Johan Flatjord, Nils S. Heggheim, Nikolai Fonn.

Klakegg krins: Anders O. Klakegg, Kristian Bolset, Arnljot S. Klakeg, Erik B. Lundal.

Viken krins: Anders Eide, Jørgen Fuglebakk, Johan O. Juklestad, Bård O. Kjøsnes, Agnar M. Skrede, Jakob O. Skrede d.y., Johan M. Skrede, Daniel H. Viken.

Årdal krins: Karl K. Erikstad, Anders N. Huus, Anders T. Årdal, Magnus O. Årdal, Oddmund T. Årdal, Olav O. Årdal, Olav B. Årdal.

Ålhus krins: Peder S. Bjørset, Bjarne A. Hegrenes, Sigurd B. Hegrenes, Johannes N. Nedrebø, Johannes O. Nedrebø, Matias Nedrebø, Jostein J. Solheim, Anders O. Svidal, Ludvig E. Svidal, Erik Valaker, Jostein A. Ålhus, Olav M. Årdal.

Eikås krins: Daniel N. Eikås, Einar N. Eikås, Anders Flugekvam, Angell Roska, Olav J. Østenstad.

Gjesdal krins: Hermann M. Dvergsdal, Sverre Fossheim, Nils M. Gjesdal, Ragnvald



Erik Kjosnes døydde i tysk fangenskap nyårsdagen 1945. Minnesmerke over Kjosnes står ved Helgheimskyrkja.



Daniel Dvergsdal vart rekruttert til den toppbemmelege allierte tenesta XU. Først i 1995 vart det offentleg kva innsats han hadde lagt ned under krigen.

Gjesdal, Bernt Løset, Bjarnstein Strand, Johannes D. Sunde, Johannes O. Svidal, Nils J. Øvrebø, Sigurd Årset.

Sandal krins: Johannes J. Sandal, Peder O. Sandal, Olav Sandalsstrand, Audun Sunde, Nikolai Tåhaug.

Myklebost krins: Oddmund Klakegg, Hermann D. Myklebust, Bjarne A. Sandnes, Åsmund A. Sandnes, Kristian B. Åsen.

Sunde krins: Johannes J. Dvergsdal, Johannes K. Dvergsdal, Nils P. Dvergsdal, Zakarias K. Dvergsdal, Johannes Sam. Helgheim, Bjarne K. Sunde, John B. Sunde, Kristian S. Sunde, Oddmund M. Sunde, Anders I. Sægrov, Oskar I. Sægrov.

Kjosnesfjorden krins: Sigurd D. Ripe, Olav H. Søgnesand.

Andre jølstringar som fekk merke krigen på kroppen

Under krigen vart ein del ungdommar utskrivne til Arbeidstenesta (AT) eit opplegg som Nasjonal Samling og Quisling styrde med, og som tyskarane ikkje brydde seg særleg med. Nokre jølstringar lurte seg unna arbeidstenesta og låg i dekning ei stund på slutten av krigen.

Men nokre Jølstringar var involverte i langt meir alvorlege ting og to av dei miste livet under krigen.

Erik Kjosnes (1899-1945) deltok i motstandsarbeid i Bergen der han vart arrestert og sendt til fangenskap i Tyskland der han døydde nyårsdag 1945. Det vart etter krigen reist minnesmerke over Kjosnes ved Helgheimskyrkja.

Sverre Kvammen (1911-1944) kom i søkelyset fordi han som handelsmann hadde prøvd å hjelpe sambygdingar i strid med rasjoneringsreglane. Han måtte flykte til skogs fleire gonger hausten 1944 og strabasane gjorde til at han fekk lungebetennelse og døydde.

Daniel Dvergsdal (1921-2001) var student ved universitetet i Oslo då dette vart stengt i 1941 og studentane arresterte. Daniel kom seg unna arrestasjon og kom seg over til Sverige. Der vart han rekruttert inn i den topphemmelege organisasjonen XU, den mest hemmelege og mest vellukka av etterretningsorganisasjonane på alliert side. Dvergsdal opererte ein radiosendar i traktene rundt Elverum og ingen visste kva han dreiv med før arkiva til XU vart frigjevne i 1995. Då vanka det medalje og diplom frå Kongen og Kongehuset hadde også blomehelsing i gravferda i 2001.

Kva med kyrkja?

Etter krigen leverte sokneprest Gudtorm

Kallhovd ein rapport til biskopen om korleis kyrkja i Jølster hadde klart seg gjennom krigen.

I rapporten skriv Kallhovd at det har vore stille og roleg i bygda heile tida. Det har vore lite av framande troppar å sjå, og dei som av og til har stogga, har vore disiplinerte. Presten skriv også at det var lite NS-folk i bygda og at dei som fanst var ufarlege.

Livet i kyrkja gjekk som vanleg fram til vinteren 1942 då Quisling tok makta i landet. Han presenterte rett etter to lover som vekte oppstand. Det var lov om arbeidstenesta og lov om Lærarsambandet. Kyrkja protesterte og utover vinteren la først biskopane ned embeta sine, så prestane. I Jølster la prestene ned embetet sitt i april og kyrkja hadde dermed brote med staten. Det vart samla inn pengar til å løne prestene og livet i kyrkjelyden gjekk sin gang resten av krigen. Men Hyrdingrøysta stoppa i oktober 1942 og kom ikkje ut att før i juni 1945.

– Eg hugsar både fortvilinga



Brita Kongsvik bar mange minne frå krigen, minne som ho villig deler med andre.

I år er det 75 år sidan 2. verdskrig slutta. Hyrdingrøysta ønskjer å sjå tilbake på litt av det som skjedde i krigsåra, og vi startar med å høyre litt om kva Brita Kongsvik (92) hugsar av julefeiringa i krigsåra.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Brita bur heime på Myklebust, ho er ved god helse, har for ikkje lenge sidan skifta begge hoftene og ho hugsar godt. Krigsåra står som spikra i minnet.

Fortvilning

9. april 1940 er kanskje den svartaste dagen i norsk historie. Trass i fleire signal om at noko var i gjære, kom det tyske åttaket brått og uventa på dei fleste og etter tre veker var kampene i Sør-Noreg over. I Nord-Noreg kom slutten på kamphandlingane 10. juni.

– Eg hugsar kor fortvila vi var då vi skjønnte at vi var under tysk styre, og eg hugsar kor tungt alt arbeid vart den våren og vidare under krigsåra, seier Brita alvorleg.

Jula vart feira

– *Korleis var julefeiringa desse åra?*

– Vi prøvde no å feire mest mogeleg som normalt, men det var lite å få tak i av varer, og det meste var rasjonert. Eg hugsar at vi fekk litt ekstra kveitemjøl til jul, bygg og havre dyrka vi sjølve. Eitt år dyrka vi også kveite, fortel Brita som også kan hugse at dei av og til kunne få tak i litt svsker og rosiner til jul.

– *Kva med juletre?*

– Ja, det hadde vi og det var alltid gran. Når det gjeld julepresangar, så var dei heimelaga og det handla gjerne om sokkar.

Pinnekjøtt

Heime hos Brita hadde dei innført pinnekjøtt som julemiddag, men elles var det vanleg med aure frå Jølstravatnet og mjølkesuppe, og dette vart gjerne servert etter fjøstid.

– Det var fire måltid julaftan, frukost, graut midt på dagen, brømat før fjøstid og så auren om kvelden for dei som brukte det. Vi hadde pinnekjøtt før fjøstid og så kaker seinare. Dette var noko stemor mi innførte frå Flatraket, der ho var i frå. Der åt dei så mykje fisk elles, at julaftan skulle det vere kjøtt.

Men Brita fortel også om ei jul etter krigen då bestefaren fann ut at dei skulle ha gammaldags julemat med aure og mjølkesuppe.

– Då vart vi veldig skuffa og det vart ikkje meir av den slags.

og glede



Myklebust i dag, med Helgheimskyrkja i bakgrunnen.

Hadde det bra

Noko av det Brita hugsa som tungt og vanskeleg, var blendinga og mangel på lys. Det var heller ikkje lov til å møtast i større forsamlingar, så juletefestar var det ikkje under krigen. Ho hugsar også at dei var i Kjønesfjorden for å plukke nøtter til jul og ho fortel om rasjoneringskort som vart sparde på til jul, og at dei kunne få litt ekstra sukker til høgtida.

– Men trass alt, så hadde vi det nok godt på bygdene, samanlikna med byane, meiner Brita.

– *Reiste de til kyrkje i jula?*

– Nei, vi gjorde ikkje det vinterstid. Det er langt å ro frå Myklebust til Helgheimkyrkja og midt på vinteren kunne det ofte vere så som så med vêret, og det vart også tidleg mørkt. Men om dei ikkje reiste til kyrkje, så gjekk dei ut på tunet for å lytte til klokkene frå kyrkja på Helgheim. Klokkene hørde dei når vêret var stilt, eller det var austatrekk i lufta. Dyra fekk også litt ekstra stell julaftan

Så kom freden

8. mai 1945 var Brita 17 år og i ferd med å setje poteter i lag med resten av huslyden. Då kom det ein kar frå Dvergsdalen forbi. Han hadde vore ein tur vest gjennom bygda og hadde fått greie på at krigen var slutt. Han ropte frå veggen at freden var kommen og Brita rekna med at han stoppa alle stader der han såg folk ute.

– Vi kasta det vi hadde og sprang opp i tunet av rein glede. Oppe på loftet hadde vi to små flagg liggande som vi pynta rognen med. 10. mai vart radioane henta og den beste av dei vart rigga opp i skulehuset og der samla folk seg for å lytte på sendingane frå London.

Ei utruleg glede

17. mai var det fest i skulehuset for første gong på fem år.

– Eg hugsar at Kongen heldt ei lita tale og sjølv om der var mykje folk og mange ungar, kunne vi rett og slett høyre ei knapenål falle. Den opplevinga hugsar eg som det var i går, fortel Brita som også hugsar

ein varm og fin vår og at vårarbeidet for det meste var ferdig til 8. mai.

– Eg hugsar også kor lett vi arbeidde den våren og sommaren. Det var ei utruleg glede å vere kvitt det tyske styret og det vart mange festar og mykje rømmegraut. Men alt var nok ikkje tilbake til normalen før i 1950.

«Krieg ist nicht gut»

– *Såg de noko særleg til tyskarane under krigen?*

– Nei det var lite, anna enn når dei leita etter nokon som hadde rømt frå fangenskap i Førde og det var også stor aktivitet vinteren 1945 då dei leita etter Rolf Henden. Men elles såg vi ikkje så mykje til dei. Men eg hugsar ein ung soldat på 17 år frå Austerrike som kom inn i stova her og som sa at «krig er ikkje godt».

Eg har tenkt på det mange gonger seinare, at det måtte vere hardt for ein så ung gut å bli send opp her for å krige, avsluttar Brita som gjer det klart at ho har det godt på sine eldre dagar, men ser fram til å bli kvitt koronaviruset.

Nye tonar på gudstenestene våre i Jølster frå nyttår

På kyrkjemøtet i 2019 vart det vedteke revidert liturgi for gudstenesta i Den norske kyrkja. Dei lokale sokneråda vart bedne om å revidere den lokale gudsteneordninga i trå med den nye liturgien, noko som mellom anna innebar at sokneråda måtte velje kva melodiar som skal nyttast på dei liturgiske ledda, det vil seie Kyrieleddet, Glorialeddet som vi syng i starten av gudstenesta og Du Guds Lam (Agnus Dei) og Heilag, heilag (Sanctus) som vi syng før nattverden.

Tekst: sokneprest SILJE SØREBØ
og kantor RUNE MOLVIK

I haust har sokneråda i Jølster jobba med denne revisjonen. Vi kunne velje mellom tre ulike seriar med liturgisk musikk. Sokneråda gjekk inn for ein serie som er litt meir rytmisk og melodios enn den liturgiske musikken som har vore brukt før.

Ein av fordelane med denne liturgiske musikken, er at den kan spelast både på kyrkjeorgel, men også på andre instrument som piano og gitar.



Frå nyttår vert det meir rytmisk og melodios liturgisk musikk når sokneprest Silje Sorbo held gudstenester i Jølster.


Serien vart prøvd ut både på ein open songkveld for kyrkjelyden der det kom gode tilbakemeldingar på desse melodiane, at dei vare fine og lette å synge. Serien vart også lagt fram på eit opent soknemøte i begge sokna i lag med resten av gudsteneordninga som soknerådet hadde foreslått.

Tilbakemeldingane på endringane var jamt over gode og det kom ingen innspel som gjorde det naudsynt å endre på den gudsteneordninga som soknerådet var komen fram til.

Frå januar 2021 vil vi ta i bruk den nye liturgien. Det er ikkje dei store endringane. Nokre av ordlydane på bønner og synds-

vedkjenning vil vere nye, men det kyrkjelyden først og fremst vil merke er at den liturgiske musikken er ny. Kanskje vil det ta ein stund før vi blir heilt fortrulege med desse nye melodiane, men om vi går til kyrkje jamnleg, lærer vi dei fort.

Mariahelg på Alværa misjonscenter



5.-7.mars 2021, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga er «Berekræft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgje-

re oss på bruk/forbruk, blant anna.

Spørsmål om helga eller om programmet? Kontakt med Hanne Bildøy, tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no



DEN NORSKE KYRKJA
PROSTEN I SUNNFJORD

PRESSEMELDING

Smittevern og jul i Sunnfjord 2020

Det vert julefeiring i kyrkjene i Sunnfjord og Ytre Sogn. Det er viktig for oss at lysa i kyrkja er tent julafta, at juletreet er pynta, at folk kjem saman og at klokken ringer julehøgtida inn på julekvelden. Bodskapen om håp og fred er meir aktuell enn nokon gong før. Men feiringa i kyrkja vert ikkje heilt som det brukar å vere. Jula er ikkje avlyst sjølv om mange må feire den i lag med berre næraste familien.

Dei ulike kyrkjelydane, medverkande, tilsette, sokneråd og frivillige har måtte omstille seg og innbyr til julegudsteneste i kyrkjene med ulike tilretteleggingar og tiltak. Dei tilsette i kyrkjene har god erfaring med smittevern. Det viktigaste tiltaket er at det berre er rom for 50 deltakarar på kvar gudsteneste og at de vil bli møtt i døra og vist til ein plass i kyrkjerommet. Mange stader vil du måtte melde deg på. Då er det viktig å møte fram 20 min før og å gje avbud om du ikkje kjem. Meir info om dette finn du på heimesida til kyrkja der du bur eller på ei av dei mange facebooksidene som kyrkjelydane har. Det blir arrangert om lag 10 fleire gudstenerer enn vanleg og vi leiger inn 2 prestestudentar og ekstra organistar for å kunne halde så mange gudstenerer som råd. I Førde kyrkje vert det ikkje opa gudstenereste på julafta, men i staden vert det streaming og opa kyrkje mellom 15 og 17. Det er også mange gudstenerer på første juledag.



Knut Magne Nesse

Det er også program andre dagar i jula og ved nyttår fleire stader i Sunnfjord.

Fleire kyrkjelydar legg ut streaming av julegudstenera, konserter og anna i juletida. Følg gjerne med på dette! Dette finn du på t.d. firda.no eller firdaposten.no eller i kyrkja sine eigne kanalar.

Info om jul og påmelding opnar Måndag 14. desember klokka 1200. Sjå kyrkja sine heimesider for meir info.

Vi viser til vanlige kanalar: heimeside, gudstenerelister i avisene for meir info om kvar og når det er gudstenereste i dei ulike kyrkjene.


*Med vennleg helsing
Knut Magne Nesse
Prosten i Sunnfjord*

Kjenner du julesongane?

1. ...vi klappar i hendene...
2. ...ho mor ho kveikjer alle ljøs...
3. ...du signe med evige ord husan og fjellet...
4. ...kom du som sorg kan linna...
5. ...og Herrens miskunnsomt det store under gjorde...
6. ...syng englehærer, syng med salig jubel...
7. ...englene synger høyt i kor, synger om fred på jord...
8. ...for Jesus han er no so nær, og vil, då han oss heve kjær...
9. ...vi ventar på at kongen vårskal fødst i ein stall
10. ...hvert fjell, hver tinde skal brått forsvinne, men opp skal rinne...

Ingen svarte på konkurransen

Enten var det for vanskeleg, eller så les ikkje jølstringane Hyrdingrøysta. Det kom i alle fall ikkje inn eitt einaste svar på konkurransen i haustnummeret.



Dermed prøver vi på nytt og premien er den same som sist, ein kalender med ein fredfull tanke for kvar dag. Send svar til Hallstein Dvergsdal 993 12 586 eller e-post halldve@frisurf.no og bli med i konkurransen om premien.



Svar på konkurranse i haustnummeret

- | | |
|-----------------------------|--|
| 1: Feil billettekst på s. 5 | 9: Bergsveinn Birgisson |
| 2: Florø | 10: Broder Ole,
Benediktinerordenen |
| 3: 15 år | 11: 225 år, sto ferdig i 1795 |
| 4: 2001 | 12: Nils Gjerland |
| 5: Ole Vanberg | 13: Marta Fimreite |
| 6: Ragnvald Indrebø | 14: Arne Sunde |
| 7: Spørsmålet går ut | 15: Guthorm Kallhovd |
| 8: 3 | |



I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)

Møte med eit dikt

Denne gongen er det **Inger Lind Aasen** som presenterer eit dikt ho er glad i.

Det er gjeve ut så mange fine diktbøker at det er vanskeleg å lande på eit dikt. Helge Stangnes frå Senja har gitt ut fleire diktbøker. Med sitt frodige språk og biletebruk skriv han om kjærleik til natur og menneske- i alvor og skjemt som jo er sjølve livet «som frø i vind flyg kverdagsord ifrå mi stø. Vårherre veit om her finns jord før mine frø».

Der er fleire som har sett melodi til dikta. Det var ei glede å oppdage at eit av dikta er komen i den nye salmeboka, nr



Inger Linda Aasen.

452. Ivar Jarle Eliassen, som har vore organist i Fjaler har sett tone til denne salmen.

Du som styrer straum og vind

Av Helge Stangnes

*Du som styrer straum og vind utom øy og odda,
styr du strauman i mitt sinn, så eg rette kursen finn
gjønna natt og skodda.*

*Peik ut leia på mitt på mitt draft når det bryt om grunnan.
Lån meg fliken av di kraft, hold di band om skaut og skaft
så eg berges unna.*

*Du som ser mi veike tru, veit kor tidt eg tvile,
gje meg svaret på om du e den hjelpar som kan snu
angst og ank til kvile.*

*Still så stormen om min stamn, du som veit mitt beste.
Los meg mellom fallan fram til eg i di trygge hamn
finn mitt ankerfeste.*

Ein plass for alle

Born og unge i kyrkja i Jølster

Vi inviterer til desse trusopplæringsamlingane for born og ungdom til våren.
Nokre gongar er det påmelding.

20. januar KODE B-samling for 10-åringar frå Helgheim sokn på Skei misjonshus (påmelding)

24. januar Familiegudsteneste i Helgheim kyrkje med utdeling av «Det nye testamentet friluftsutgåve» til KODE-B-barna

3.+10. mars KODE B-samlingar for 10-åringar frå Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter (påmelding)

7. mars Familiegudsteneste i Ålhus kyrkje med utdeling av «Det nye testamentet friluftsutgåve» til KODE-B-barna

12.-14. mars Konfirmantleir på Alværa

leirstad

12. mars Påskesamling for 8- og 9-åringar frå Helgheim sokn på Skei misjonshus, skulefri dag (påmelding)

17.+24. mars Påskesamlingar for 8- og 9-åringar frå Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter

28. mars Familiegudsteneste på palme-sundag i Helgheim kyrkje med bokutdeling til påskebarna frå begge sokn

29.+30. mai Tårnagenthelg for 9- og 10-åringar frå begge sokn i Helgheim kyrkje. Samling på laurdag; familiegudsteneste med tårnagentar på sundag. (påmelding).

Av kontinuerlege tilbod for barn og ungdom har vi:

- Torsdagsklubb på Vassenden kyrkjesenter kl.17.30 (annakvar torsdag)
- Babysong på Vassenden kyrkjesenter kl. 11.30 (annakvar torsdag)
- Torsdagsklubb på Skei misjonshus kl.17.30 (annakvar torsdag)
- Søndagsskule i Stardalen
- Speidargruppe på Skei onsdagar på Skei misjonshus
- Klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar og oppover

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

Laurdag 9. januar 2021 kl. 10-16

Trass i at vi framleis må ta mykje omsyn til at vi lever med ein pandemi, planlegg vi også i år kyrkje- og misjonsdag på Alværa i byrjinga av januar. Alværa har store og gode lokalitetar som gjer at vi kan sitje med forsvarleg avstand og følgje smittevern-råd elles.

I nærare 20 år har vi byrja året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og mi-

sjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. I år vil Geir Sørebo, Ole Agnar Helland og Trygve Toft-Eriksen frå NMS vere med i opplegget. Vi satsar på aktuelt tema som går inn i den situasjonen vi er i med ein verdsvid pandemi og også korleis nye møteplassar gjennom internett kan bli til hjelp i nærmiljø og i den verdsvide kyrkja. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta

med gudsteneste kl. 14.30.

Etter gudstenesta er det kaffi. Då vert det også årsmøte for NMS Ytre Sogn.

Det er påmelding til Alværa, tlf. 48990661 eller 91689459 (Toril Lange). Programmet vil bli lagt ut på facebook-sidene til Alværa og NMS Bjørgvin i desember, men meld deg gjerne på allereie no. Slik koronasituasjonen er i dag, set vi eit tak på 40 deltakarar. Hjarteleg velkommen!

*Områdeutvalet i
NMS Ytre Sogn*



Informasjon om flaskeinnsamling i Helgheim sokn fredag 8. januar 2021

Speidargruppa vil også i år ha si vanlege flaskeinnsamling like etter nyttår. Innsamlinga gjev verdifull inntekt til dekking av utgifter i samband med aktivitetane våre.

Vi har fått klarsignal frå smitteverneverlegen i Sunnfjord kommune om at det er heilt forsvarleg å gjennomføre slik innsamling med dei smitteverntiltaka vi har planlagt.

Vi planlegg å gjennomføre innsamlinga fredag ettermiddag /kveld 8.januar.

Om du ynskjer å gje flasker, men ikkje vil ha folk på døra kan du setje fram flaskene på førehand.

Speidaren som samlar inn vil passe på å stå i god avstand (minst to meter) til inngangsdøra

etter ein har ringt på , og vi vil ha klare rutinar med reinhald / bruk av antibac av hender før og etter kvar husstand.

Dei som samlar inn må sjølvstilt vere helt friske og utan symptom på forkjøling/smitte. Om det skulle verte ein endra smittesituasjon lokalt etter nyttår vert innsamlinga avlyst.

Speidargruppa vil ynskje alle i Jølster ei GOD JUL og eit GODT NYTT ÅR. Takk for samarbeid og velvilje i året som er gått !

*For Speidargruppa
Aase Britt Øygard
Tlf. 95198629*

Nytt frå sokneråda

Gudstenester på julaften

Det blir to gudstenester på Vassenden og to i Helgheim. I tillegg blir det nett-overføring av gudstenesta frå Førde kyrkje. Det er påmelding til alle gudstenestene i Jølster.

Avlyste juletefestar


Juletefestane i jula i regi av sokneråda er diverre avlyste i år. Dette gjeld Helgheim sokn 3. juledag og Ålhus sokn 4. juledag. Grunnen er coronepandemien og statlege smittevernreglar.

Støyskjerming ved Helgheim kyrkje

I denne saka har det vore ein lang og pågåande diskusjon med Statens Vegvesen i samband med ny E-39, Bjørset-Skei. Sokneråda meiner at støynivået ved kyrkja for høgt, og at det er behov for støydempande tiltak. Saka er send over til Sunnfjord kommune som reguleringsmynde.

Klokketårnet på Vassenden

Dette har prekært behov for vedlikehald og det er teke initiativ til å flytte klokka til kyrkjebygget. Men vedlikehaldet må likevel gjerast sidan tårnet også har andre funksjonar.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 8–21
Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 | fjordan.no | eirik@fjordan.no

Fjordamat Tunet
- kurs og oppleving

Støfringsdal | Tlf. 951 46 531 | fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Eikås Frisør

EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

På hengende håret frisør

Bente Elin Helgheim Årseth, Årsetvegen 8

Tlf.: 95 00 93 93



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

ROALD SUNDE
Maskinentreprenør - Sentral godkjenning

Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

Kyrkja er vår heim



DESEMBER

2. søndag i adventstida 06.12.2020

KL. 11:00 HELGHEIM KYRKJE

Vi syng advents-og julesongar

3. søndag i adventstida 13.12.2020

KL. 11:00 GUDSTENESTE ÅLHUS KYRKJE

KL. 19:00 LYSMESSE UTANFOR HELGHEIM KYRKJE

– med speidarane

Lille julaftan Onsdag 23. desember

KL. 18:00 19:00 ÅLHUS KYRKJE

KL. 18:00 19:00 HELGHEIM KYRKJE

Open kyrkje. Vi syng julesongar...

Du kan komme når du vil og gå når du vil.

JULAFTAN NB! PÅMELDING

HELGHEIM KYRKJE

kl. 12:00 Familiegudsteneste

kl. 14:00 Familiegudsteneste

VASSENDEN KYRKJESENTER

kl. 14:00 Familiegudsteneste

kl. 16:00 Familiegudsteneste

For påmelding: gå inn på heimesida, kyrkja.no/jolster. sjå kalenderoversikta, finn 24. desember, velg kyrkje og klokkelsett. Dei som ikkje brukar internett kan ringe til kyrkjekontoret: tlf 57828180

Julaftan gudstenesta kl. 14:00 i Førde kyrkje vert strøyma. Den vert å finne på Firda. Ope også for dei som ikkje er abonnentar.

Juledag 25. desember

KL. 12:00 HELGHEIM KYRKJE

Høgtidsgudsteneste

Romjulsøndag 27.12.2020

KL. 11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste

Nyårsaftan Torsdag 31.12.2020

kl. 23:15 Ålhus kyrkje

Midnattsgudsteneste

JANUAR

2. søndag i openberingstida 10.01.2021

KL. 11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste

3. søndag i openberingstida 17.01.2021

KL. 11:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Gudsteneste

4. søndag i openberingstida 24.01.2021

KL. 11:00 HELGHEIM KYRKJE

Familiegudsteneste

Såmannssundagen 31.01.2021

KL. 11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste

FEBRUAR

Kristi forklaringsdag 07.02.2021

KL. 11:00 HAUGTUN

Gudsteneste

Søndag før faste 14.02.2021

KL. 11:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Gudsteneste

Askeonsdag Onsdag 17.02.2021

KL. 19:00 HELGHEIM KYRKJE

Kveldsgudsteneste med allment skriftemål

1. søndag i fastetida 21.02.2021

KL. 11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste

2. søndag i fastetida 28.02.2021

KL. 11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste

MARS

3. søndag i fastetida 07.03.2021

KL. 11:00 ÅLHUS KYRKJE

Familiegudsteneste

4. søndag i fastetida -14.03.2021

KL. 11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste

Maria bodskapsdag Søndag 21.03.2021

KL. 11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste

Døypete



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter

05.12.20 Kim Kaysamrong Vadseth

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

18.10.20 Aksel Sandnes

08.11.20 Sverre Myhre

Døypet på Vassenden kyrkjesenter

05.12.2020 Simen Lidvarson Sunde

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

31.10.20 Paula Kathrine Lesto og

Frank Åge Lykkebø

FØRDE SOKN

Vigde i Ålhus kyrkje

15.08.20 Irina Salem og Tom Arve Stigen

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Vassenden gravplass

12.10.20 Lina Randi Aarseth

Vassenden kyrkjesenter

06.11.20 Ingebjørg Perly Øien

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

13.10.20 Solveig Fossheim

16.10.20 Aslaug Årdal Fløtre

30.10.20 Oddny Helga Årdal

17.11.20 Jarle Dalberg

4- og 6-åringar får kyrkjebok

Også i år har det vore utdeling av bøker til 4- og 6-åringar. Her er foto av dei små.



4-åringar i Helgheim.
Venesa Alexandra Kalnina,
Ina Pedersen Forde Amanda
Hugøy Fischer, Gustav Juklestad
Avdem, Vilde Erikstad, Oliver
Bolset Andersen, Adrijus Zeluyts,
Emilian Cardenas Fugle, Ella
Kjørvik-Fonn, Tuva Østebo
Sandal.

Foto: Hildegunn Huus.

4 år



4-åringar i Ålbus sokn.
Silje prest, Theodor Schei
Bareksten-Vee, Henry Liaskar
Aarsæther, Anna Elise Hyl-
derås Gustausen, Emil Leander
Gjelsvik Bergheim, Levi Midtbun,
Adelen Akse Kjøde, Jakob Espelid
Dvergsdal, Anna Henden Siem,
Emilie Slåtten, Thea Victoria
Helgås-Jenssen.

Foto: Bjørg Dvergsdal

4 år



6-åringar i Ålbus sokn.
Foto: Bjørg Dvergsdal.

6 år



6-åringar i Helgheim.
Foto: Hildegunn Huus.

6 år